



Gaupne, 10.04.2018

Oppdragsavtale – HMS

Landbrukstenester Sogn SA vil presisere og bekrefte ansvarsforhold for alle avløyssarar /tilsette som får løn gjennom laget. Me viser til vedtekter som stadfestar at det er de bønder /oppdragsgjevarar som har HMS-ansvar for arbeid utført på garden / arbeidsplassen.

Dette ansvaret medfører m.a.:

- Opplæring av dei som jobbar hos deg på eit språk kvar enkelt forstår. Hugs å dokumentere opplæring og legg denne i eigen internkontroll, t.d. KSL-perm (skjema på heimesida vår).
- Utlevering av verneutstyr som trengst for å utføre arbeidet. Laget skaffar verneutstyr til fast tilsette landbruksvikarar.
- De må ivareta arbeidstidsbestemmelsane i Arbeidsmiljøloven §10. De finn link til denne på heimesida vår. Hugs å markere overtid (§10.6) på timelistene.
- Arbeidsmiljølova seier når ein har krav på pausar §10.9.
- Føreta risikovurdering av dei arbeidsoppgåver som avløyssar og du sjølv utfører. Dokumenter i internkontrollen.
- Bevisstgjør deg sjølv og avløyssar i bruk av avviksskjema, slik at ulukker kan unngåast. Avviksskjema finn du på heimesida vår. Felles mål for oss er ein sikker arbeidsplass utan arbeidsulukker.
- Verneombodet heiter Terje Kalhagen (mobil 906 76756).

Ver venleg å returnere dette skjemaet med din signatur saman med timelister neste løn. Gjerne på e-post: Itsogn@n-lt.no

Med venleg helsing
Aud Fossøy
Dagleg leiar

Stad og dato

Signatur bonde/oppdragsgjevar

Namn med blokkbokstavar